



Arild Stangeland
Oteråsen 11
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2227 - 18/1150

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
11.01.2018

Tiltaket er ikkje ulovleg - gbnr 188/588 Gjervik ytre

Byggjestad: Gbnr: 188/588

Det vert vist til brev av 13.05.15 der kommunen vart oppmoda om å undersøke ulovlege forhold på eigedom med gbnr 188/588.

I brev frå grunneigar av 06.12.15, 06.09.16 og 29.09.17 er det gjort greie for forholda. Kommunen har i tillegg vore på synfaring på eigedommen for å undersøke forholda på staden. Synfaringa vart gjennomført 10.01.18.

Kommunen har vurdert at tilhøvet ikkje er eit brot på plan- og bygningslova. Vurderinga er basert på innsendt dokumentasjon og vurdering ved synfaring. Av innsendt dokumentasjon og gjennomgang i saksarkivet til byggesak går det fram at det er gitt ferdigattest i 1994 for tiltaket. Tiltakshavar har i seinare tid utført vedlikehald på grunnmur og sett opp gjerde i delar av grenselina, og vi forstår saka slik at det er desse forholda som naboen klagar på. Vedlikehald og reparasjon av eksisterande forstøtningsmur og oppsetting av gjerde i grenselina er ikkje søknadspliktige tiltak.

Avslutning av sak om mogleg ulovleg tilhøve er ikkje eit enkeltvedtak, og kan difor ikkje klagast på etter reglane i forvaltningslova.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/2227

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Arild Stangeland
Svein Inge Håland

Oteråsen 11 5914
Mongsedalen 40 5918

ISDALSTØ
FREKHAUG